



Politiet i Nordhordland

Referanser:

Dykkar:

Vår: 23/725 - 23/6817

Sakshandsamar:

Oddvin Arne Neset

oddvin.arne.neset@masfjorden.kommune.no

Dato:

03.08.2023

Uttale til søknad om einskildløyve til skjenking av alkohol den 26.august 2023

Frøyseth Gardsmat ved Ørjan Daae har sendt inn søknad om einskildløyve til skjenking av alkohol gruppe 1 og 2 (inntil 22 volumprosent) laurdag 26.august 2023 frå kl. 18.00 til kl.02.00. Søknaden gjeld arrangement i Kristofferløa på Dalset, adresse Sleirsvegen 383, 5986 HOSTELAND.

Det er sett 18 års aldersgrense, og talet på gjestar inntil 120. Det vert også søkt om løyve til skjenking utandørs innanfor avgrensa område på 330m².

Som styrar for løyvet er ført opp Anne Kvellestad. Ho har gjennomført etablererprøven og kunnskapsprøven i alkoholova, og har i dag løyve til skjenking ved Countrycafeen på Hosteland.

Vedlagt søknaden er teikning som skisserer planløyving innandørs med naudutgangar og inngjerda område utandørs.

Kommunen ber om uttale frå politiet jf. alkoholova § 1-7, 2. ledd og 1-7b, samt uttale frå sosialtenesta etter § 1-7, 2. ledd.

Med helsing

Oddvin Arne Neset
helse- og omsorgsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Vedlegg:

søknad om skjenkebevilgning- Ørjan Daae
Planoversikt Kristofferløa
Dalset Kristofferløa

Mottakarar:
Politiet i Nordhordland